



# PÅ KYRKJEVEG

KYRKJEBLAD FOR ØYSTRE SLIDRE

NR. 4, 61. ÅRGANG, 2022





Kyrkjeblad for Øystre Slidre  
 Utgjevar: Sokneråda i Øystre Slidre.  
 Bladet kjem med 4 nummer i året.

Redaksjon: Eli Vatn, Martha Viken, Ingrid Meyrick,  
 Gunvor Hegge og Oddveig Holdal Weeg.

Konto nr.: 2135 25 01678 / VIPPS: 105751  
 Lay-out: designsaskia.no  
 Trykk: Bekkevolds Lyskopi ANS

I dette nummeret er det spesielt fokus på Rogne sokn.

Frist for innlevering av stoff til neste nummer:  
 17. januar 2023

Framsida: Julevandring med Rogne Barnehage  
 Foto: Eli Vatn



DEN NORSKE KYRKJA

## ØYSTRE SLIDRE PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret, Tingvang, Bygdinvegen 1989,  
 2940 Heggenes

E-POST: post.oystreslidre@kyrkja.no

KONTORTID: Alle dagar 10 - 14

## MERK NYE TELEFONNUMMER!

KYRKJEVERJE: Ove Ekerbakke	481 40 309
SOKNEPREST/FJELLPREST: Eli Vatn	991 29 976
PROST: Carl Philip Weisser	915 55 504
SEKRETÆR: Oddveig Holdal Weeg	916 38 300
KYRKJEGARDSARBEIDAR: Jon Gunnar Solhaug	952 19 341
KYRKJEMUSIKAR: Magne Olav Selland	934 19 294
TRUSOPPLÆRAR: Marianne Straum	901 21 647

## SOKNA VÅRE

HEGGE KYRKJE Vipps: 515422

Klokkar: Ola Magnus Vatn Weisser  
 Kyrkjetenar: Jon Gunnar Solhaug  
 Reinholdar: Synnøve Rødningen  
 Soknerådsleiar: Arnstein Alund

VOLBU KYRKJE Vipps: 590221

Klokkar: Hildur Vingdal  
 Kyrkjetenar: Svein Hegge  
 Reinholdar: Svein Hegge  
 Soknerådsleiar: Øystein Skattebu

LIDAR KYRKJE Vipps: 135151

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum  
 Kyrkjetenar: Harald Melby  
 Reinholdar: Harald Melby  
 Soknerådsleiar: Sissel Dahle Lie

ROGNE KYRKJE Vipps: 587467

Klokkar: Anne Britt Skåthun Hansen-Sørum  
 Kyrkjetenar: Svein Erik Rogne  
 Reinholdar: Svein Erik Rogne  
 Soknerådsleiar: Eli Døvresødegård Skattebu



## SOKNEPRESTEN HAR ORDET

Det er håp i hengande snøre!



Bønekrukke i Lyskappellet.

Kva i all verda er det som gjer at folk kan stå i timevis med fiskestanga ute i eit fjellvatn? Naturen, freden, men og spenninga og håpet! Håpet i det hengande snøret!

Eg seier av og til meir eller mindre alvorleg at eg er ein lite truande, og kan hende lite frimodig bedar. Eg er vaksen opp i ein heim der bønene våre og lengslar knytte til Gud var ei privat sak, sjølv om religiøse og etiske spørsmål vart heftig diskutert. Far min siterte ofte Jesus på at bønå høyrde til i «lønkkammeret»; ho er privat. Eg har teke med meg blygsla, og bøn kan og vera problematisk om manglande tydeleg bønnesvar vert ei stor skuffing, og ein mister trua på både Gud og seg sjølv.

Det er likevel ikkje heilt sant at eg er ein lite truande bedar, for eg har stor tru på å be! «På håpet i det hengande snøret». Oftare enn eg heilt tør å tru, betrar ei bøn på situasjonen. Dette slår oftast til dersom eg ved å kjenna etter, bed om noko som er i nærleiken av det som eg verkeleg treng. Ofte er det slik at nauda eg kjenner på, er eit varsko om at no er det lurte både å be og å sjå på om noko bør gjerast. Men det aller viktigaste for meg er at bønå hjelper til å halde håpet levande. Ho er som det hengande snøret. Håp er i seg sjølv ei dør som slepper lyset av det du håpar på inn i rommet som er mørkt av bekymringar, smerte og sorg; håpet om det gode for deg sjølv, for dine kjære og dei du har mist. Bøn er ein måte å gje kjærleiken til dei du ikkje når, ein stad å gå, ei handling eller eit uttrykk. Bøn er å sleppe til tanken om ein stor, god og kjærleg Gud som bryr seg.

Mange valdrisar er som trønderar, private om sitt religiøse liv. Av og til blir eg beden om å be for nokon, men det er ikkje så ofte. Eg trur likevel at det er godt både å be sjølv og at nokon ber for ein eller dei ein bryr seg om. I Lyskappellet har vi ei bønekrukke. I den kan folk som kjem innom, skrive bønene sine på ein lapp. Krukka vert løfta fram for Gud under Den gylne time. Sidan vert bønelappane brende. Lyskappellet står alltid ope på dagtid for alle som vil kjenne på roa i rommet eller som vil be ei bøn i det stille eller forma bønå skriftleg.

Ved juletider er det mange høve til å koma til fellesskap og glede i kyrkjene våre, men og til stille ro i Lyskappellet.

Gledeleg jul!

- Eli



## Fred på jorda

AV: SOLVEIG FISKE

FOTO: LIV TORHILD BRAATHEN

Her eg sit og skriv har eg akkurat starta dei siste vekene som biskop.

Eg vil nytte høvet til å takke for alle møtepunkt rundt om i Hamar bispedømme. Eg ser for meg mange ansikt og ber med meg mange varme handtrykk frå ulike situasjonar. Hjarteleg takk og alt godt vidare!

**Fred på jorda!**

**Vi lengtar etter nettopp det som den store hæren frå himmelen song den fyrste julenatta:**

**«Ære til Gud i det høgste**

**Og fred på jorda**

**blant menneske som Gud har glede i.»**

Vi er i ei tid prega av uro over den spente krigssituasjonen i Europa og uvisse inn mot kva som vil skje vidare. Eg kjenner at engelens ord «Ver ikkje redd» og englekoret som syng og ber om fred på jord, set ord på eit ønske, ein draum og eit håp

som inspirerer til å tru på og arbeide for rettferd og fred.

Songen på Betlehemarkene viser vegen til Gud i krubba. Det evige strøymde inn i same augneblink som barnet vart fødd. Og Jesu fødsel set i gang ei rørsle som aldri har stansa.

Barnet som vart fødd, er eit håp og ein kjærleik. Dette vil alle som har halde eit lite nyfødd menneske i hendene kunne kjenne. Det er nært og stort, vakkert og meiningsmetta. Våre røynslar blir sett i eit svimlande perspektiv i møte med fødselen i Betlehem og songen frå englane. Det lyfter alle nyfødde barn opp mot himmelen og inviterer til å gjera det verkeleg; håpet, draumen og bønå om fred på jord.

Jesusbarnet er ein liten knopp som er sprengfull av håp, også i dag. Med juleevangeliet si grensesprengande kraft blir livets kjelder og framtidshåp for alle menneske opna, og Kristi kjærlege ljøs held oss fast i framtid og håp, for livet her og for all æve.

Velsigna julehøgtid!

## Juleevangeliet

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

**«Ære vere Gud i det høgste,**

**og fred på jorda**

**blant menneske Gud har glede i!»**

Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrde på, undra seg over det gjetarane fortalde. Men Maria gøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. Og gjetarane vende attende. Dei lova og priså Gud for alt dei hadde høyrte og sett; alt var slik som det var sagt dei.



# Verdivandring med Ida Svensli Rudi

TEKST OG FOTO: ELI VATN



«Lat dei små borna  
koma.....»

Dei fyrste marsipangrisane har vore i handelen lenge, annonsane for julekonsertar har florert på sosiale media likeså. Jula, barnas høgtid, står for døra. Både Jesusbarnet i krubba og han som peika på ungene som førebilete i å skjønne seg på himmelriket, kling med når eg forlèt kontoret og pc-en og reiser opp til Heggebø friluftsbarnhage. Der har eg avtala med Ida Svensli Rudi at ho vil ta meg med rundt i barnehagen på ei lita verdivandring.

Ungane er på veg ut til leik eller sovestund, og Ida tek meg med på ein rundtur. Vi går forbi grillhytta. Ida fortel at i desember er det tilbod om havregraut kvar morgon, og tre av dagane i grillhytta. Da er det tente lys og lyfter og stemning for kos og den gode praten. Vi går vidare forbi skøytebanen som ventar på kuldegrader og frydefull barnelyd, akebakken og jordet med skiløypa enno utan snø. Men «stølen», plassen for leik og spanande forteljing, ligg der og er ein utfartsstad året rundt.

På spørsmålet om korleis det er å jobbe i barnehagen, fortel Ida om dagar som aldri er like, og ikkje minst ein desember

full av koselege juleaktivitetar der det er viktig at aktiviteten ikkje vert stress, men kos i ungene sitt eige tempo. Det er julegaveproduksjon, Luciafeiring både i barnehagen og på Moatunet, besøk til juleforteljinga i Hegge kyrkje, kanefart og adventsstund. Men og rolege dagar då ein berre kan gå ein tur i skogen.

Eg kjenner når Ida fortel, korleis eg misunner dei å kunne leva her og no, ta det med ro og ikkje måtte halse av garde frå den eine avtala til den andre. Eg skjønar at ikkje alt er berre roleg eller idyllisk i barnehagen heller, men dristar meg likevel til spørsmålet:

- Kva kan vi lære av ungene?

At ein ikkje treng så mykje, kjem det spontant frå Ida. Ta for eksempel bursdagsfeiringar; den eine må nesten vera flottare enn den andre. Nokre ballongar og heimebaka kake med ein leikebil på er meir enn godt nok for eit bursdagsbarn.

- Ja, eg har intrykk av at det er eit stort press på foreldre for alt dei må ha for å kjenne at dei er gode nok foreldre?

Sant nok, men det skiftar litt; ein

periode var det svært press på merkelede og utstyr, men no er det mange som handlar brukt.

Og ungene, ja dei kan vi lære av. Ida fortel om då ho fortalte eventyr om leikane og utstyret som vart stole, og då ungene skulle komme med forslag om kva dei så skulle gjere, var det ikkje noko problem for dei. Dei kunne berre finne ting i naturen; kongler, steinar, pinnar. Det er ikkje så mykje som skal til.

Ho gjer meg merksam på leiken som går føre seg rett ved sida av oss; ein stol har fått eit tak av eit sitteunderlag, og plankar blir bore borttil og sett opp i ein spanande konstruksjon. Det er ein bil, må vite. Ein pinne vert henta, sjåføren har fått seg ratt og er klar til å køyre, passasjerane strøymer til og det vert fullt på lasteplanet. Mjølkk skal kjøpast og leiken er i full gang.

Fantasia er og noko vi vaksne kunne lære av, og det er nesten slik at jo meir forseggjorte leikane er, jo meir set dei grenser for fantasia.

Eg hadde ein baktanke om å snakke med Ida om barn og glede.



- Kva gjer barn glade då, Ida?

Det er i alle fall slik at dersom ein er glad, går alt så mykje lettare enn dersom ein har ein trå dag. Slik er det for ungar som for vaksne. Men det skal ofte ikkje så mykje til for å snu humøret. Dei gler seg til juleverkstad, Lucia, kanefarten, gje graut til nissen og få gåver. Men dei gler seg også til å gi; som mange av dei største ungene seier til meg: «Eg vil gje den og den ungen gåve fordi eg veit at han eller ho ynsker seg den.» Dei gledar seg til å besøke kvarandre, eller til ein liten ferietur; som sagt så skal det ikkje så mykje til.

- Ungar gjer også vaksne glade. Eg har mange gonger lagt merke til korleis ansikta i kyrkja lyser opp, vert glade og mjuke når eg løftar opp eit dåpsbarn, held eg fram.

Ja, eller dersom det leikar ungar i midtgangen under ei preike kan du vera sikker på at dei vaksne følgjer meir med på det enn på preika.

Kva er det ved ungar som gjer at vaksne reagerer slik? Det er akkurat som om det mjuke, uskuldige og sårbare ved ungar får fram det beste i oss. Er du glad i ungar, så blir du glad av å vera saman med dei. Men ikkje alle er glade i ungar, legg Ida til.

Det er sant nok; ikkje alle er glad i ungar, tenkjer eg. Men for dei som er glade i ungar, gir ungar glede.

Nett da kjem ein bestefar og hentar barnebarnet sitt; med eit stort smil og eit varmt «Hei» går han ned på kne og tek imot guten som spring inn i dei opne armene hans.

Vi pratar om energien ungar gjev, men også av og til krev. Medan vi står der ute i frisk novemberluft, stiller nokre jenter seg tillitsfullt opp framfor oss, og dei lurar nok på kven dette framande mennesket er; ja, då kjenner eg på overskotet av energien og gleda.

Så der på Heggebø friluftsbarnhage, med open bestefarfamn, trygge vaksne og ungar som er ungar, fekk soknepresten si eiga vesle julepreike for i år.

Takk for turen, Ida.

## MIN SALME



«Å leva det er å elska»


Å leva, det er å elska  
det beste di sjel fekk nå;  
å leva, det er i arbeid  
mot rikare mål å trå.

Å leva, det er i livet  
å finna det største verd;  
å leva, det er å vinna  
til sanning i all si ferd.

Å leva, det er å leggja  
all urett og lygn i grav;  
å leva, det er som havet  
å spegla Guds himmel av.

Tekst: Anders Vassbotn 1892

Melodi: Per Steenberg 1923





Gjengen ved Volbu kyrkje

Freitag 25. november var ein flott gjeng 6. klassingar med på Lys Vaken i Volbu. Vi hadde god hjelp av både konfirmantar og stab, og det vart ein innhaldsrik og veldig hyggeleg dag!

Foto: Eli Vatn, Carl Philip Weisser og Marianne Straum

# LYS VAKEN



Den barmhjertige samaritan i aksjon



Øving av julesongar på handklokkespel



Pizzapause



For å kome til filmrommet måtte vi både opp på loftet og ned gjennom eit skåp



Klare for film!



Produksjon av sopelimar



Litt kliss høyrer med når ein skal lage puslespel med ulike motiv frå alle kyrkjene



«Rydd vei for Herrens komme»



Moro med Lys Vaken!



## Ole Kristian Bonden

**Fødd: 8. februar 1970 i Brumunddal**

**Familie: Gift med Irmelin, tre voksne born som akkurat har flytta frå heime.**

TEKST: JORUNN VANG/INGRID MEYRICK / FOTO: HAMAR BISPEDØMME

Kan ein mann vera biskop i Hamar?

Slik spør leiaren i kyrkjerådet Kristin Gunleiksrud Raaum i innleiinga då ho skulle presentere den nye biskopen vår, Ole Kristian Bonden. Sjølv svara ho eit definitivt ja på det spørsmålet. Ho brukte adjektiva «vennlig, velformulert og inspirerende», ja, «rett og slett veldig hyggelig.» Han er ein jordnær biskop i ein tradisjon av solide folkekyrkjebiskopar, konkluderte ho.

Leiaren av Hamar bispedømmeråd, Gunhild Tomter Alstad seier i velkomstala si om arven etter Köhn og Fiske: «Det er store sko å fylle, men gå i sporene deres ikke i skoene. Skoene er dine og rollen er din.»

Applausen rungar i Hamar domkyrkje. Mange er frammøtte i kyrkja, og mange av oss fylgjer med på fjernsynsskjermen sidan arrangementet blir streama.

Ein rørt Ole Kristian Bonden tar imot hyllest frå dei mange som har møtt fram for å bli litt betre kjende med den nyleg tilsette biskopen. Neste år blir han innsett som biskop og flyttar til Hamar etter 25 år i Elverum, dei siste åra som prost i Sør-Østerdal prosti.

- Det er overveldande, eg er både glad og takksam for å bli biskop i Hamar bispedømme, seier han frå lese-pulten og takkar for tilliten, for oppdraget og for gode ord frå den øvste leiinga i Den norske kyrkja og i

Hamar bispedømme.

Kyrkjerådet har i sitt møte kvelden før vald Bonden som ein av tre attståande kandidatar etter ein lang prosess.

- Hamar har fått ein biskop som er likandes, glad i folk og glad i Jesus, seier leiaren av Kyrkjerådet, Kristin Gunleiksrud Raaum, og seier Bonden går inn i ein stolt tradisjon av tydelege biskopar i Hamar.

Ole Kristian Bonden har vore tett knytt til begge sine to forgjengarar. Han vart ordinert til prest av Rosemarie Köhn og har hatt Solveig Fiske som biskop i heile hennar periode.

- Dei to har lært meg at "Inga tru er for lita", og at "Gud gjer ikkje forskjell på folk", seier han. Dette vil han vidareføre når han nå skal forme SI bispegjering.

Ei setning frå truedkjeninga har vore med han den tida han har vore prest. Setninga har vore styrande for arbeidet hans så langt, og han vil framleis legge den til grunn for tenesta som biskop.

"Eg trur på ei heilag, allmenn kyrkje." - Heilag og alminneleg, det er kyrkje for meg, seier den nyleg utnemnde biskopen.

Med det meiner han at kyrkja skal vere raus og tydeleg, til stades i samfunnet og i liva til menneska, ei kyrkje som bryr seg om folk.

- Vi må vere opne, seier han, opne for Gud, for andre og for verda. Evangeliet gir oss friedom til å elske, skape, arbeide, kjempe for og tru på, seier han. Og så snakkar han om å høyre til.

Den nye biskopen vil at folk skal kjenne at dei høyrer til i ei kyrkje som er open for alle. Bonden vil at kyrkja skal vere der både på dei store dagane i livet, og på dei vanskelege. Han vil bidra til ei kyrkje som er ein naturleg del av lokalsamfunnet der folk kan høyre til og kjenne att både livet og Gud.

- Eg vil arbeide for at folk i Hamar bispedømme kan kjenne att livet sitt i folkekyrkja, og samtidig kjenne att Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage Andes samfunn.

Ole Kristian Bonden blir vigsla til biskop i Hamar domkyrkje søndag 29. januar kl. 11.00 med H.M. Kong Harald til stades.

Det blir spennande å møte den nye biskopen. Sidan vi nyleg har hatt visitas i Øystre Slidre, blir det ei stund til neste gong, men han seier at han ser fram til å møte folket, og kanskje blir han å treffe på jubileet vi planlegg i året som kjem.

## KYRKJEVAL 2023

Kva slags kyrkje vil du du ha?

Veit at du kan vera med å påverke?

I 2023 skal vi velje nye sokneråd og nytt bispedømmeråd. Som medlem i rådet vil du ha innverknad på dei lokale oppgåvene og utfordringane i kyrkja di.

Still til val, eller oppmod nokon du kjenner til å stilla.

Ta kontakt med kyrkjekontoret innan 1. februar.

Du finn meir informasjon om kyrkjevalet her: [www.kyrkja.no/valg](http://www.kyrkja.no/valg)

Frå Hamar bispedømmeråd



## SAKSA FRÅ FACEBOOK

Om ca ett år er det valg av nytt menighetsråd. Derfor bør du stille til valg i menighetsrådet. Det er mange grunner til å stille til valg i menighetsrådet. Her er ti av dem.

Som representant i menighetsrådet vil du få mulighet til å:

- Bruke dine talenter
- Få nye relasjoner i nærmiljøet
- Jobbe sammen med andre - for andre.
- Være med på å formidle kristen tro.
- Dele og diskutere dine standpunkter med andre.
- Sørge for et trygt og godt fritidstilbud for barn og unge.
- Legge til rette for at kirken blir en viktig kulturarena.
- Bidra til at kirken er åpen for alle.
- Gjøre lokalmiljøet ditt bedre.
- Bli bedre kjent med deg selv.

Innlegget er skrive av Jonny Rye som er soknerådsleiar i Tingnes i Nord Aurdal.



## Kulturminne i Øystre Slidre



Vi har gleda av at kultursjef i kommunen, Kari Onstad, vil dele viktige kulturminne med lesarane! Øystre Slidre kommune har no ferdigstilt si fyrste kulturminneplan. Det er eit stort mangfald av kulturminne og kulturmiljø i kommunen, som neste generasjonar skal ha glede og nytte av. Kulturminneplanen skal vere eit nyttig verktøy i å forvalte og formidle kunnskap om kulturminna våre.



Industri rundt Høvsfossen rundt 1900. Foto: Gullik Th. Windingstad

### INDUSTRI

Ved Høvsfossen som ligg på grensa mellom Øystre og Vestre Slidre var det eit lite industriområde med m.a. snikkarverkstad, sagbruk, høvleri og frå 1912 ein mekanisk verkstad. Her utnytta ein fossen som ei kraftkjelde. Alt blei nedlagt i 1883 då eigaren reiste til Amerika. I Vestre Slidre kalla dei det Fauskefossen, og i 1892 blei det kjøpt av vestreslidringane som laga ein dam som leidde vatn inn, slik at dei hadde kraft til både oppgangssag, sirkelsag, høvelmaskin, to kverner, grynstein og kornturke. Dette blei då den fyrste og største snikkarverkstaden med moderne maskiner. Her blei det laga alt mogleg, frå feler, innleggsålar, gravstøtter og kaffibord av skifer. Dei fekk også i stand eit lite kraftverk som gav lys til verksemda. Her blei også båtmotoren «Vestheim-motoren» produsert av Torleif Jørstad, som var kjent som eit teknisk geni. Han tok aldri patent på denne motoren. Verksemda blei nedlagt i 1921.  
- Tekst frå kulturminneplanen.

## Frivilligåret 2022- Sokneråd -Meiningsfylt Frivillig

Når vi snakkar om frivilligheit, meiner vi at vi stiller oss til disposisjon for å gjera ein innsats utan å få betalt for det. Eit slikt engasjement gjer noko med oss. Viss vi engasjerer oss og ynskjer å gjera noko saman med andre, får ein ofte att så mykje meir som eigentleg ikkje kan målast i pengar. Ein blir betre kjent i lokalsamfunnet, lærer noko nytt, aukar kunnskapane sine, får andre erfaringar og kan til og med bygge eit nettverk som kan hjelpe deg i arbeidslivet eller kvardagen elles.

Å bli frivillig i ein organisasjon kan vera ein fin start, som til dømes i kyrkja. Her er det behov for mange frivillige. Om du til dømes stiller til val til soknerådet, er det mange oppgåver å gå inni; diakoni og omsorgsteneste, julefestkomite, drifting av kyrkjestovene, stølsmesser, dugnader, rekneskap, leiarverv og sekretærfunksjon, for å nemne noko.

I 2023 er det atter val av nytt sokneråd og fellesråd. Kunne du tenkje deg å vita meir om korleis du kan bidra, så ta gjerne kontakt.

- Morten Haugseth, soknerådsleiar i Volbu

## Gravplassvedtekter

Gravplassvedtektene i Øystre Slidre er i desse dagar i ferd med å bli oppdaterte. Det betyr ikkje dei heilt store endringane for korleis gravplassane blir drivne, men dei blir no endra til å passe dei nye vedtektene i gravplasslova.

Det betyr heilt enkelt at kyrkjegardane som vi har no, ikkje skal ha nokon religiøse band, men vera opne for alle. Det betyr at det ikkje offisielt heiter kyrkjegard lengre, men gravplass.

Kva folk vil kalle det på folkemunne, får vere opp til folk. Nokre ord om gravplassane og gravferdsforvaltninga i Øystre Slidre.

Gravferd og gravplass er ikkje ei kyrkjeleg oppgåve, men noko fellesrådet gjer på oppdrag frå kommunen. Lova seier at alle innbyggjarar i kommunen har rett på gravplass i kommunen, og viss dei får tilvist ein ny gravplass, er han friteken for festeavgift dei fyrste 20 åra. Etter dette vil det bli ei festeavgift som

pr. i dag er 200 kroner i året og blir fakturert kvart femte år. Ei dobbel grav kostar 400 kroner i året sjølv om det berre er ein stein. Det er også høve til å reservere ei grav ved sida av ei festa grav. På denne vil det bli festeavgift frå fyrste år.

Når det gjeld graver som er festa og blir gjenbrukt, er det ikkje fritak for festeavgift dei fyrste 20 åra då festet blir vidareført. Fellesrådet har ansvaret for stell og pass av kyrkjegarden, men festar har ansvaret for at plantefeltet framfor gravsteinen og sjølve gravsteinen er stelt. Festar har også ansvar for at gravsteinen står støtt. Gravsteinen er festar sin eigedom, og når grava er oppsagt, kan festar fjerne steinen. Fellesrådet er pliktig til å ta vare på steinen i minst seks månader. Etter det blir den destruert.

Om festar ikkje har høve til å stelle graver, kan plantefeltet planerast og gjerast om til grav, elles er det mogleg å avtale med fellesrådet om stell. Dette kostar for tida 2000 kroner i året.

- Ove Ekerbakke, kyrkjeverge



## KVELDSBØN

Når jeg legger meg til hvile  
tretten engler om meg står  
Tvende ved min høire side  
tvende ved min venstre går  
To på vagt ved hovedputen  
to ved foten dess foruten  
to meg dekker – to meg vekker  
en meg viser alle himlens paradiser.

Amen

Nedskrive etter Guri H. Hegge (1884 – 1976)


Illustrasjonsbilette med englar frå altartava i Volbu kyrkje  
designsaskia.no

# VALDRES I 1000 ÅR

1030 er eit av dei mest symbolsterke åra i norsk historie. Olav Haraldssons fall i slaget på Stiklestad, og helgenkåringa i Nidaros året etter fekk djuptgripande betydning for framveksten av det norske riket både politisk, religiøst, rettsmessig og kulturelt. 1030 er difor eit vannskille i norsk historie, og konsekvensane er blitt ein nasjonal og internasjonal arv som det norske samfunnet framleis byggjer på. Eit sterkt uttrykk for kva dette har betydd nasjonalt, finn vi i det norske riksvåpenet: løva held Olavsøksa, som var symbolet på at kongen leid martyrdøden. Historia om Olav, kva verknad han hadde og korleis han har blitt brukt, er ei svært spanande historie til å dra lærdom av, både på vondt og godt.

I fylgje Snorre reiste Olav gjennom Valdres i 1023, og vi tek del i den nasjonale opptrappinga fram til 2030 gjennom ei rekke arrangement å ta del i. Vi presenterer her nokre av tilboda som kjem.

Kanskje det kan bli ei julegåve til nokon du har lyst til å ta med deg på tur? Eller på ein konsert eller kurskveld.



## NYTTÅRSVANDRING OG JUBILEUMS-UTSYN PÅ KVITHØVD 1. JANUAR

Start fyrste nyttårsdag med oppfylling av gode forsett - la det nye året koma i gang med bevegelse og gode opplevingar for kropp og sjel.

2023 blir eit viktig jubileumsår i Valdres. Då er det 1000 år sidan Heilage Olav drog gjennom Valdres og kristninga tok til her. Vårt jubileumsår høyrer med i Nasjonaljubileet Noreg i 1000 år, og det går fram mot 2030 som er knytt til slaget på Stiklestad. Tida fram mot slaget for 1000 år sidan var ei stor brytningstid mellom gammalt og nytt i Noreg. Kan det vera med å kaste lys over den tida vi lever i no? Eg håpar året kan hjelpe oss til å sjå korleis vi kan bygge fred og leva saman med tillit og respekt. Krig og vald og tvang skal ikkje vera vår framtid, verken lokalt eller internasjonalt.

1. januar 2023 vil vi markere starten på jubileumsåret med ei vandring og samling på Kvithøvd. Eit jubileum skal ikkje berre

*Morgontur til Kvithøvd 3. januar 2021*

vera ein repetisjon av noko som skjedde for lenge sidan. Det skal hjelpe oss til å få oversyn og utsyn både mot fortida og notid og framtid. Kva passar vel betre enn å møtast på Kvithøvd ved innleiinga av eit slikt år?

Sokneprest Trygve Rø i Vestre Slidre og prost Carl Philip Weisser planlegg dagen saman med sokneråda på begge sider av Kvithøvd. Vi går til fots opp frå kvar vår side med start frå Slidrestølane i vest og øvst i Nyhagevegen på Volbusida. Vi startar kl. 11.00 frå kvar vår side og samlast med utsyn mot vest og Jotunheimen på Kvithøvd kl. 13.00. Ord til ettertanke og nokre høvelege songar blir det der, samt ei enkel servering før vi går i flokk og følgje ned att.

Det er sjølvstøtt viktig å kle seg godt etter vêr og føre.

Vi håpar at mange har lyst på ein sprek oppstart av eit spennande jubileumsår!

*- Trygve Rø og Carl Philip Weisser*

## GRØNT HÅP! 2. & 16. FEBR. OG 2. MARS

Eit overordna tema for jubileumsåret 2023 er **RESSURSAR OG RIKDOM**.

Gjennom tre kurskveldar vil vi legge opp til å snakke om gode grønne håpsnyheiter og håpshandlingar.

Første kurskveld vert 2. februar kl. 19.00. Då kjem Anders og Barbro Nordrum og fortel om Beredskapshagen.

Neste kurskveld vert 16. februar kl. 19.00. Då kjem Øyvind Wistrøm og tema er «Besteforeldre sitt håp for komande generasjonar»

Siste kurskveld vert 2. mars kl. 19.00. Då kjem Leif Gunnar Engedal og tema er «Frå økosorg til økohåp».

Vi vonar på ein kveld med grønne gladnyheiter.

Inga kursavgift, men vi vil gjerne ha eit lite tips om du blir med til Eli tlf. 991 29 976, så vi kan beregne kaffe og kake!



Stad: Hegge kyrkjestogo.

Arrangørar: Kyrkja i Øystre Slidre og Naturvernforbundet avd. Valdres.

## PILEGRIMSVANDRING 26.– 29. JULI 2023

På sporet av Heilag Olav si ferd gjennom Valdres i 1023.

Det er 1000 år sidan Olav Haraldsson drog gjennom Valdres, frå vest til aust, skal vi tru Snorre. Heilag Olav har og late etter seg ei mengd segner og stadnamn som seier mykje om kva han har betydd for folk her. Desse vil vi leite fram, vise og fortelje om når vi går i dette vakre Valdreslandskapet i den leia som Olav truleg før.

Vi byrjar på Nysetstølen i Etnedal og endar opp til festgudstene i Slidredomen Olsok 29. juli. Vi går delvis langs Frugevegen (den gamle vegen mellom Hamar og Bergen) gjennom 4 kommunar; Etnedal, Nord Aurdal, Øystre og Vestre Slidre. Den lengste etappen er omlag 17 km i lett turterreng. Det vert overnatting på hotell og i eige telt. Det blir sørga for mat og drikke, og bagasjen blir frakta mellom overnattingsstadene, slik at ein berre treng å bera med seg det ein treng for dags-



*Ved Olavskjelda frå prøvevandringa sommaren 2021*

marsjen.

Turpris er enno ikkje fastsett, og fyldigare informasjon vil koma. Ved interesse ta kontakt med Eli Vatn, ev869@kyrkja.no.

*- Eli Vatn*

## PILEGRIMSVANDRING 23. JUNI – 1. JULI 2023

Du kan også gå den tradisjonelle vandringa frå Hedalen til St. Tomaskyrkja. Les Anne Kjersti Frøyen si oppleving.

Du treng ikkje reise heilt til Spania og Santiago de Compostela for å oppleve pilegrimsvandring. Du treng heller ikkje sette kursen- eller beina- mot Trondheim og Nidarosdomen for å vandre pilgrim i Norge.

For oss i Hallingdal er det berre å forflytte seg over åsen til nabodalen, Valdres, og der ligg pilegrimsvegen klar, frå He-

dalen i sør til St.Tomaskyrkja på Filefjell. St.Tomaskyrkja var eit viktig pilegrims mål i middelalderen. Ein trudde at kyrkja hadde undergjerande kraft, og det kom folk frå heile Sør-Noreg for å gje gåver til kyrkja, med håp om å bli friske. Til og med hallingar tok denne vandringa, og i bygdeboka frå Ål står det m.a. om Per Torkjellson Kvelprud og kona hans som i 1776 ga eit altarklede til St.Tomaskyrkja på Filefjell. Dette gjorde dei for å bli kvitt skabb på sauene i Kvelprud! I følge bygdeboka hjalp dette, og det kom aldri meir skabb på sauene i Kvelprud (Ål Bygdebok). Eg må innrømme at eg ikkje har sjekka ut om dette framleis gjeld.

### Fellesvandring

Kvar sommar sidan 2009 (med unntak av korona-åra 2020/21) har det vore arrangert fellesvandring på pilegrimsvegen i Valdres.

Vandringa startar ved stavkyrkja i Hedalen, heilt sør i Valdres og 8 dagar og 163 kilometer seinare kjem ein fram til St. Tomaskyrkja på Filefjell.

Eg har delteke på denne vandringa sju gonger.

Kvifor i alle dagar gå same vandringa år etter år?

Å gje eit klart svar på dette er ikkje så enkelt. Opplevingane gjennom ei slik veke er så mange- og varierte- at det er vanskeleg å beskrive, i alle fall i kort-format. Eg har difor valt ut nokre punkt som har vore, og er, viktige for meg.



Gjennom utmark



Flott kulturlandskap

### Stille vandring

Vi går stille – utan å snakke saman. Dette blir opplevd som ein stor fridom, og du får vera i fred med tankane dine. At vi går saman som ei gruppe utan å snakke saman er uvant for mange. Det viser seg på tilbakemeldingane at dette blir opplevd uventa positivt. Fleire av dei som har delteke, har i ettertid gitt uttrykk for at dette var noko av det beste ved heile vandringa. Dessutan er vi stille berre medan vi går. Når beina er i ro er det ingen begrensning på ordbruken, så alle snakkeglade får rikeleg rom for å dekke det behovet.

### Del av ei gruppe

Du får gå i fred, men du er ikkje åleine. Turleiar går alltid fremst, og du slepp all planlegging og praktisk tilrettelegging. Kvar skal vi gå? Når skal vi pause? Kor mykje mat må eg ha med? Nokon andre har planlagt og organisert, og du som er pilegrim kan gå til duk og dekk bord (heilt bokstavleg), og det einaste du treng å hugse på, er ein dagstursekk med niste og drikke – og kanskje litt regnklede. Bagasjen blir transportert mellom overnattingsplassane. Heilt bakerst går ein av turleiarane (som oftast pilegrimspresten), og du kan vere heilt trygg på at du aldri blir «gått frå» uansett kor sakte du måtte gå. Å vere del av ei gruppe kan vere ei god støtte i tunge motbakker eller langs altfor lange asfaltetapper. Det å vite/kjenne at ein er fleire som strevar seg fram, gjer også dei tyngre etappane lettare å koma igjennom. Dessutan finnst det alltid ei vennleg sjel med plaster og anna utstyr klar, viss vassblemmene har valt ut foten din som vert.

### Pause frå kvardagen

Åtte dagar utan nyheiter, tv, radio, div. sosiale medier (joda, det er heilt lov-

viser seg likevel at dei fleste synes det er godt å la det vere), telefonen på lydlaus i sekken (eller lett tilgjengeleg for å ha kamera klar). Det er ei ufatteleg god oppleving å legge att bekymringar og kvardagsmas, og berre ta imot det dagen og vandringa gjev deg undervegs.

### Naturopplevingar

Vi som bur i Hallingdal er godt vante med flott natur- og mange av oss bruker naturen jamnleg. Eg skal sjølvsagt ikkje antyde at det er vakrare i Valdres, men det er ei heilt særskilt oppleving å forflytte seg til fots gjennom eit heilt anna dalføre, og dermed sjå og oppleve naturen meter for meter, minutt for minutt, til du siste dagen kan snu deg og sjå deler av dalføret du har tilbakelagt heilt for eigen maskin.

### Kulturopplevingar

Runestein ifrå 300-talet, gravfelt frå jarnalderen, stavkyrkjer frå nesten tusen år tilbake, steinkyrkjer frå 1200 talet, og mange andre kulturminne ligg som perler på ei snor gjennom heile dalføret. Kvar dag byr på nye, imponerande kulturminne. Turleiarar med mykje kunnskap og god formidlingsevne gjer dette til ein lærerik og spanande del av vandringa. Samstundes går ein gjennom eit kulturlandskap som i seg sjølv ligg som eit tydeleg vitne om folk sine kvardagsliv både i fortid og notid.

### Folk

Når du er del av eit vandringsfølge i åtte dagar er det umogeleg å ikkje bli kjend med andre, eller at andre blir kjende med deg. Ettersom vi alle er vekke frå kvardagen vår blir det overraskande lite «kva jobbar du med»-spørsmål mellom folk. Det viser seg at dei aller fleste har

mykje anna i livet det er fint å snakke om, og ein blir kanskje kjend på ein annan måte. Mange av dei eg har blitt kjent med gjennom desse vandringane, har sett spor i mitt liv – det er eg djupt takksam for.

### Indre vandring

I brosjyra til fellesvandringa står det at dette er både «ei ytre og ei indre vandring». Du forflyttar deg steg for steg mot eit mål. Samstundes skjer det noko på innsida. Mange pilegrimmar kan fortelja om akkurat dette, og det treng ikkje vere verken storslått eller uforklarleg. Kanskje det er eit naturleg resultat av dag etter dag med vandring, naturintrykk, tid til refleksjon, samspel med andre menneske, og kanskje litt mot til sjølv å våge seg på nye vegar – også innvendig. Kvar dag har pilegrimspresten enkle samlingar morgon og kveld. Det er viktige pulsslag gjennom vandringa, som gir innspel til refleksjon og ettertanke. Som ein tidlegare vandrar (Knut Olav Åmås, dåverande redaktør i Aftenposten) skreiv etter vandringa i Valdres for nokre år sidan: « Det er ingen konkurranse om å kome først eller gå raskest, det handler om å gå sammen. Og være alene med seg selv midt i det hele. Klisjeen viste seg å stemme: En pilegrimsvandring ER både en indre og en ytre reise. Livet består av øyeblikk. En pilegrimstur er en eneste lang serie med øyeblikk du aldri glemmer. Det mest håpløse opplegg jeg trodde jeg noen gang skulle være med på, var blitt til den fineste sommeropplevelsen jeg noensinne har hatt.»

- Anne Kjersti Frøyen

Pilegrimsvegen i Valdres 23. juni – 1. juli 2023 kr. 8000. Påmelding til Liv Barbro Veimodet tlf. 41674669 e-post lv564@kirken.no



## Orgelet i Rogne kyrkje

TEKST OG FOTO: MAGNE OLAV SELLAND



Rogne kyrkje finn me det eldste orgelet i Øystre Slidre. Det vart bygd i 1912 av orgelfirmaet Olsen og Jørgensen, som heldt til i Oslo og var det leiande orgelfirmaet i Noreg fram til 1960-talet. Det kosta då den nette sum av 2795 kroner. Hegge kyrkje fekk på same tid eit nær identisk orgel.

Orgelet står på riksantikvaren si liste over verneverdige orgel. Ein av grunnane til det er at det er svært få orgel frå denne perioden som er bevart heilt i original stand slik som dette. Med 6 stemmer er ikkje dette noko stort orgel, men eit instrument i romantisk stil der kvar stemme har sitt tydelege særpreg, samstundes som dei kling bra i saman.

Orgelet hadde originalt manuell vindforsyning og fekk elektrisk vifte seinare, truleg på 1970-talet, men den manuelle pumpa er bevart og kan fortsatt nyttast.

Orgelet vart restaurert i 2010 av orgelfirmaet til Henrik Brinck-Hansen.

Disposisjon: Manual: Gemshorn 8', Principal 8', Salicional 8', Gedakt 8' og Fugara 4'. Pedal: Subbas 16'. Koppel: man.-ped., tutti, oktavkoppel.



### KYRKJELEGE HANDLINGAR OKTOBER - NOVEMBER 2022

#### DÅP

VOLBU KYRJE  
Othilie Nygård Skogen

HEGGE KYRKJE  
Eveline Odden Nyhagen

LIDAR KYRKJE  
Knut Ole Sørgaard

ROGNE KYRKJE  
Emil Tvenge Olsen  
Cecilie Bøe-Bergli  
Mari Bolstadbråten Moe

#### GRAVFERD

LIDAR KYRKJE  
Petter Håkenstad  
Niils Terje Skogheim  
Oddrun Heggom



# VELKOMEN TIL KYRKJE!

God jul

## Desember

24 12 2022 Lidar kyrkje kl. 13.00  
Julaftangudsteneste ved sokneprest  
Eli Vatn

24 12 2022 Rogne kyrkje kl.14.30  
Julaftangudsteneste ved sokneprest  
Eli Vatn

24 12 2022 Hegge stavkyrkje kl. 16.00  
Julaftangudsteneste ved prost Carl  
Philip Weisser

25 12 2023 Hegge stavkyrkje kl. 12.00  
Høgtidsmesse ved sokneprest Eli Vatn

25 12 2022 Volbu kyrkje kl. 19.30  
Høgmesse ved prost Carl Philip  
Weisser.

26 12 2022 Ø.S. Helsetun kl. 11.00  
Julegudsteneste ved prost Carl Philip  
Weisser

31 12 2022 Volbu kyrkje kl 15.00  
Nyttårskonsert

## Januar

08 01 2023 Lidar kyrkje kl. 11.00  
Gudsteneste med utdeling av 4 årsbok  
ved sokneprest Eli Vatn

08 01 2023 Rogne kyrkje kl. 13.00  
Høgmesse med dåp og utdeling av 4  
årsbok ved sokneprest Eli Vatn

22 01 2023 Volbu kyrkje kl. 11.00  
Høgmesse utdeling av 4 årsbok ved  
sokneprest Eli Vatn

22 01 2023 Hegge stavkyrkje kl. 13.00  
Gudsteneste utdeling av 4 årsbok ved  
sokneprest Eli Vatn

29 01 2023 Lidar kyrkje kl. 11.00  
Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

## Februar

05 02 2023 Volbu kyrkje kl. 11.00  
Høgmesse ved sokneprest Eli Vatn

12 02 2023 Rogne kyrkje kl. 11.00  
Høgmesse ved prost Carl Philip  
Weisser

19 02 2023 Hegge stavkyrkje kl. 11.00  
Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn

## Mars

05 03 2023 Lyskapellet kl. 11.00  
Gudsteneste ved sokneprest Eli  
Vatn

12 03 2023 Volbu kyrkje kl. 11.00  
Høgmesse ved sokneprest Eli Vatn  
Årsmøte

12 03 2023 Rogne kyrkje kl. 19.30  
Songgudsteneste ved sokneprest Eli  
Vatn

26 03 2023 Hegge stavkyrkje kl. 11.00  
Gudsteneste ved sokneprest Eli Vatn  
Årsmøte.

## Den gylne time

Kvar torsdag kl. 17.30 i Lyskapellet.

## Pusterom

9. januar, 13. februar og 13. mars i  
Volbu kyrkje. Felles meditasjonsstund  
frå kl. 18.30

## Salmekveld

16. januar og 20. mars i Rogne  
kyrkjestogo kl.19.00

## Babysong

24. januar, 21. februar og 21. mars i  
Rogne kyrkjestogo kl. 11-13. Babyar  
mellom null og eitt år er hjarteleg  
velkomne saman med foreldra til ei  
koseleg stund med song, musikk og lett  
servering.

KYRKJA SI HEIMESIDE:  
[www.kyrkja.no/oystre-slidre](http://www.kyrkja.no/oystre-slidre)

KYRKJA ER ÒG PÅ FACEBOOK.  
[/Kyrkja-i-Øystre-Slidre](https://www.facebook.com/Kyrkja-i-Øystre-Slidre)

Her fortel vi om hendingar og  
opplegg knytt til kyrkjer og kyrkjeliv  
i kommunen.

Sjekk også: [www.skjerikirken.no](http://www.skjerikirken.no)

## Skulegudstenester

Alle er velkomne til skuleguds-  
teneste onsdag 21.desember 2023

Lidar kyrkje kl. 08.30  
Rogne kyrkje kl. 10.00  
Volbu kyrkje kl. 11.30

## Årsmøter

- etter messetid

Volbu 12. mars 2023 kl.11.00  
Hegge 26. mars 2023 kl. 11.00  
Lidar 23. april 2023 kl. 11.00  
Rogne 7.mai 2023 kl. 11.00

## Juletefest

Juletefest på Tingvang søndag den 1. januar 2023 kl. 17.00.  
Det blir underhaldning, bevertning og gang rundt juletreet.  
Alle er hjarteleg velkomne. Arr. Sokneråda



## Velkommen til utdeling av 4-års bok!

Lidar kyrkje: 8. januar 2023 kl. 11.00  
Rogne kyrkje: 8. januar 2023 kl. 13.00  
Volbu kyrkje: 22. januar 2023 kl. 11.00  
Hegge kyrkje: 22. januar 2023 kl. 13.00  
Eigen invitasjon kjem i posten.

